



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.

0030 OSLO

Deres ref.

Vår ref / Saksbehandler
17/766-2 F30 &13
Ingrid Buset / tlf.

Dato:
06.02.2017

17/291 HØRINGSSVAR OM ENDRINGER I UTLENDINGSFORSKRIFTEN

Fagforbundet er bekymra for konsekvensane av forslaget til forskriftsendringar. Forslaget medfører ei innstramming og skranke for familiegjenforening, og potensielt at søkarar må vente unødvendig lenge i flyktningeleirar og urolege områder. Når familiegjenforening tek lengre tid vil det også medføre at integreringsprosessen blir utsatt.

Det framgår ikkje av høyringsnotatet kvifor ein eigentleg ønskjer å innskrenke tidsfristen, frå eitt år til tre månader, utover at eit ønske om å tilpasse seg nabolanda. Dette kunne med fordel ha vore forklart i høyringsnotatet. Vi antek at referanseperson og søkar er interessert i å søke om familiegjenforening så raskt som mogeleg uansett, og kan ikkje sjå at noko anna går fram av høyringsnotatet.

Vi har forståing for at ein ønsker å ha ein frist, men vi er bekymra for at for kort frist kan gi uheldige konsekvensar for den enkelte, kanskje særleg ved at ein blir pressa til å søke før ein veit at dokumentasjon er klar. Både for referansepersonen som i realiteten skal betale gebyret, for byråkratiet og søkar er det meir hensiktsmessig at søkar har fått den nødvendige tida til å innhente dokumentasjon.

Fagforbundet meiner at innstramming av tidsfristen (frå eit år til tre månader) kombinert med eit høgt gebyr og underhaldskravet gjer det urimeleg krevjande å søke familiegjenforening. Det medfører også at Norge går lengre enn nabolanda sine, når ein ser krava i samanheng. Det at referansepersonen innan tre månader skal søke og dermed forplikte seg til å betale dette gebyret innan ytterlegare seks månader synes urimeleg krevjande, særleg i lys av at det tek tid å kome i arbeid. Å spare opp 8 000 kr er ein stor sum. I følgje Brockmannsuvalet II er det få flyktningar som er sysselsatt dei første par åra i landet, og sysselsettingsandelen aukar mykje dei første fem til sju åra.

Med helsing
FAGFORBUNDET
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås
(sign)
fagleder

Ingrid Buset
(sign)
rådgiver

Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.